



Finnskogen har vore kjend for trolldom og mystikk. Der kan ein også møte mannen med ljåen!

Knappe 3 veker før Festidalen skal avviklast i fjordarmen vår har uskedalen.no vore med på ein bokstaveleg tala grenselaus marknadsføring av dette kulturelle topp-punktet for bygda. Det har gått inflasjon i dager og festivalar, men objektet for vår marknads-stunt var likevel noko unikt:

Proklamasjonen av republikken Finnskogene!

Den skjer kvart år rundt desse tider og skal markera at det mektige skogbeltet på kvar side av grensen i Hedmark i Noreg og Vermland i Sverige har eit sams kulturelt særpreg og burde vore ein eigen stat!

Hit kom finske innvandarar flyttande på 1500-1600-tallet generøst invitert av svenskekongen som rådde over 2 riker



[Festidalens utsendte marknadfører møter Rickard fra Gevle under marknadføringa av Festidalen](#)

Innvandrarane svedjet og bygde i den urørte skogen. Dei vart ikkje direkte populære, men danna livskraftige samfunn som språkleg og kulturelt skilte seg frå resten av området.

Ikkje minst har Finnskogen vorte kjend for trolldom og mystikk med nisser, tusser og troll i fri utfoldelse. Jakt og fiske er andre aktuelle stikkord og atskillige bjørner falt for nordmenns kuler. No er rovdyra på veg inn att i området.

Finnane hadde ein finsk velgjerar, apostel og presteson som heitte Carl Axel Gottlund og som framleis er ei ledestjerne for finnskogingane. Han vandra rundt på Finnskogen og skreiv ned alt han opplevde, ikkje minst det som vert kalla dristig. Men han støtta også finnane i arbeidet for å få reist ei kyrkje.

I nyare tid var Nitahå-Jussi ein stor hovding. Han vart berømt for denne utsegna: - **Detta er mina skoger, tyss jeg eger dom inte!**

Og han monterte gangjern på eit skada kne og smurte kneet med olje under eit kåseri i Universitetets aula! Finnskogingane har aldri vore kjende for det formelle.

Derimot er dei kjende for kulturytringar av ymse slag, frå bindsterke romanverk og lyrikk til spel på kantele og trekkspel.

Tekst , foto og nett: Ola Matti Mathisen



Festidalen satsar utan grenser!